



## Gode Lionsvenner i 104C

### Månadsbrev mai 2021

Endeleg, etter ein lang og kald vår, har me fått smaka på nokre herlege dagar med sol og god temperatur. Me går ei fin tid i møte. Ikkje berre fordi det går mot sommar men også fordi me forhåpentlegvis ser slutten på pandemien. Om ikkje alle har fått tilbod om vaksine enno, så er det like om hjørnet. Det skal bli så godt å koma tilbake til eit tilnærma normalt liv igjen.

### Klubb og sone

Det er så godt å høyra at mange klubbar endeleg er i gang med klubbmøte igjen. Eg var så heldig og fekk vera med på LC Os sitt første møte sidan oktober. Så sant det går an, med tanke smittevern, vil eg oppfordra klubbane til å arrangera ei flott sommaravslutning. Eg trur det er svært mange medlemmer som no er veldig klar for det. Lykke til - ikkje spar på noko. Dette året har utan tvil tært på både klubbar og sonar.

### **Opplæring**

Derfor vil det no i juni bli gitt opplæring, informasjon og inspirasjon til påtroppande presidentar i Distriktet. Først på Bryne 3. juni, så Haugesund 10.juni og Sogndal 12. juni før me avsluttar i Bergen 17. juni. Med på desse opplæringane vil påtroppende soneleiar også delta. No må me forbereda oss godt, bretta opp ermane og vera så klar som me berre kan når Lions-året 2021-2022 bankar på døra.

### **Adresseendring**

Då eg var innom Lions-kontoret i helga stod det kassevis med Lions-blad som var kome i retur på grunn av feil adresse. Eg er sikker på at dette også gjeld medlemmer i Distriktet vårt. Har du ikkje fått bladet LION eller du veit om medlemmer som ikkje mottar det, sjekk postadressa i StyreWeb. Be gjerne sekretæren i klubben om hjelp dersom du ikkje finn ut av det sjølv. Posten er blitt veldig nøyne på at adressene er heilt korrekte.

Det er så synd at ikkje alle mottar all denne gode informasjonen som er å finna der.

### **Rapportering MyLion**

Enno ein gong vil eg minna om rapportering i MyLion.

Rapportering må ha førsteprioritet i alle klubbar som ikkje rapporterer. Det er ca 28% av klubbane som gjer dette no. Det er alt for få og me har ein lang veg å gå. Det er så viktig å synleggjera aktivitetane våre. Det både for eigen del men også for organisasjonen vår. Ta kontakt med opplæringsansvarleg i Distriktet **GLT Terje Berge, terjelberge@gmail.com** dersom det skulle vera spørsmål om rapportering. Det er ikkje for seint å rapportera heile 2020-2021 no i ettertid. **Stå på. Dette er viktig.**



## Riksmøte 2021

Denne helga vart Riksmøte gjennomført digitalt. Tilbakemeldingar tyder på at dette gjekk bra. I tillegg til møteleiing og teknisk stab så var det kun guvernørrådet som møtte fysisk. På grunn av smittevernsreglar på Gardermoen - Ullensaker, vart Riksmøte avhalde på Lionskontoret. Deltakinga vart som venta noko lågare enn tidlegare.

Eg håpar og trur at Riksmøte vil vera tilbake i god gammaldags form neste år, men med ei digital løysing for dei som ønskjer det. Eg trur at etter pandemien så vil hybridmøte bli ein naturleg del av alle møte i organisasjonen vår.

Av saker som var oppe til avstemming og som vil eg nemna er:

1. Medlemskontingeneten til Lions Norge vart auka med kr 100. Frå kr 600 til kr 700
2. Det nye utlandsprosjektet til MD104 vart vedteke.
3. Ny forenkla "huskeliste" - som er innbetaling til felles aktivitetar i Lions Norge
4. Ny Guvernørrådsleiar 2021-2022 er Kjell Solstad LC Finnsnes.

## LCIF - dagen




**12. juni er LCIF dagen.** Lansert som " Lions Internasjonale Vaffeldag". Alle klubbar skal ha motteke informasjon om Vaffeldagen. Eg har fått tilbakemeldingar om at fleire klubbar har planar om å feira den. LC Bergen Vest skal ha stor stand i Alvøskogen og fleire andre Bergensklubar blir synlege på Torgalmennen. Det er så bra. Eg har også høyrt om klubbar som berre vil vera synlege

denne dagen og informera om Lions, LCIF og verv medlemmer. Ikkje vaffelsal, men i etterkant donera eit beløp til fondet frå aktivitetskassen. Det er også ein måte å gjera det på, i alle fall i år. Gler meg til å høyra om arrangementa. Ta omsyn til gjeldande smittevernsreglar og flytt gjerne aktiviteten til ein annan dag om det passar betre.

Målet med " LCIF - vaffelen " er å synleggjera Lions sitt internasjonale engasjement og ikkje minst vera med å bidra så me kan styrka **Lions Clubs International Foundation - LCIF** sin økonomi. Når ein katastrofe rammar, er Lions ein av dei første som er på plass. Me har frivillige over heile kloden som står klar til å hjelpa. Ta kontakt med Distriktet sin C-100 koordinator, Marwin Hopland, marwin.hopland@gmail.com , dersom det skulle vera spørsmål til dette. Det er aldri for seint å hengja seg på.

## Lions fadderbarnsordning - Balikuddembe Acssosiation



Eg vil påstå at Lions Norge sin eigen fadderbarnsordning er verdas beste. I dag er ca 300 barn knytt til ordninga. For kr 3600 i året, kan du vera med på å gje eit fattig barn i Uganda eit håp om ei betre framtid. Det er sterkt å lesa ønskja til Doreen og Medi i Uganda. Utdanning, eit teppe, ei madrass, skulepengar, mat, sko og klede. Som me ser så manglar dei det meste. Det står i sterk kontrast til i-Phone, Mac og dyre merkekledde som ofte er å finna på barn og unge sine ønskelistene her i landet. Eller når me spør: "Kva ønskjer du deg"? Svaret blir då ofte eit "Eg veit ikkje". Det er fordi mange har "alt" allereie.



Her kan du lesa meir om Lions fadderbarnsordning.

Artikkelen er skrive av Annette Pemmer:

[Vil du bli fadder i vår egen fadderbarnsordning? \(lions.no\)](#)

Du finn den også i det siste LION - magasinet.


Eg synest at alle klubbar i Distriktet vårt burde ha minst eit fadderbarn i vår eigen fadderbarnsordning. Ta dette opp på eit klubbmøte og referer gjerne til artikkelen i lenka over. Eg har sjølv vore og besøkt fadderbarnet mitt tre gongar. Barna blir følgt svært godt opp. Til og med i år når skulane har vore stengt på grunn av pandemien.

Med å sei **ja** til å bli fadder, så vil du vera med å gi eit nytt og betre liv til eit sårbart barn. Det er stort. **Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe ein.**

**Ta kontakt med Annette Pemmer \* pemmer@lions.no \* og bli fadder du også.**

### Protokoll for Distriktsmøte 2021

Så til slutt vil eg minna om "Protokoll for Distriktsmøte 2021" som har lagt ute på Gnist/Lions 104C/Intranet/Distriktsmøte/ sidan 21. mai. Ved å følgja lenka her, finn du protokollen. [Gnist - Artikkel \(styreweb.com\)](#) Krev innlogging.



**Beste Lionshelsing med ønskje om ein fin første sommarmånad til alle frå**

**Gunnhild**

**Distriktsguvernør 104C 2020-2021**

**Telefon: 90 79 67 47 - e-post: c.dg@lions.no**